

MÅNADSRAPPORT 2020-04

Nye Førde sjukehus

NYE FØRDE SJUKEHUS
- bygt med vår innsikt og innsats



Rapporten sitt formål og bruk

Denne rapporten skal nyttast mot alle partar som har behov for innsyn og status i arbeidet med Nye Førde sjukehus.

Rapporten vil bli nytta til kvartalsrapportering mot styret i Helse Førde, månedleg rapportering i styringsgruppa, dialogmøte med Helse Vest og informasjon til heile organisasjonen i Helse Førde ved at rapporten blir lagt ut på vårt intranett.


Rapporten vil bli oppdatert ein gong per måned, og det blir ført løpande revisjonslogg på dokumentet.

Revisjons logg			
Dato	Endring	Utført av	Godkjent
2019-04-05	Utkast til rapport for gjennomgang i styringsgruppe	KIS	
2019-04-12	Sluttjustert for styremøte 29. april	KIS	
2019-05-10	Oppdatert for månadsrapport for april	KIS	
2019-06-12	Oppdatert for månadsrapport for mai	KIS	
2019-07-19	Oppdatert månadsrapport for juni	KIS	
2019-09-20	Oppdatert månadsrapport for august	KIS	
2019-10-17	Oppdatert månadsrapport for september	KIS	
2019-11-14	Oppdatert månadsrapport for oktober	KIS	
2019-12-16	Oppdatert månadsrapport for november	KIS	
2020-01-20	Oppdatert månadsrapport for desember	KIS	
2020-02-24	Oppdatert månadsrapport for januar	KIS	
2020-03-20	Oppdatert månadsrapport for februar	KIS	
2020-04-21	Oppdatert månadsrapport for mars	KIS	
2020-05-20	Oppdatert månadsrapport for april	KIS	



Innhald

Nye Førde sjukehus.....	1
Rapporten sitt formål og bruk	2
Innhald	3
1 Kort status om arbeidet.....	5
2 Avvik og korrigerande tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet	5
3 Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet	6
4 Spesielle problem og tiltak	7
5 Brukarmedverknad, status og samarbeid.....	8
6 HMS.....	8
6.1 SHA – Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø.....	8
6.2 Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus	9
6.3 HMS-avvik	9
7 Informasjonsarbeid.....	10
8 Hovudaktivitetar neste periode.....	10



1 Kort status om arbeidet

Kort status blir i rapporten meldt på følgjande punkt:

- Korona sin påverknad i Nye Førde sjukehus
- Prosess med vidare samhandling om heilskap

Korona sin påverknad i Nye Førde sjukehus

Dagabygget er pr. no åtte dagar forseinka, men alt som vi tapte på framdrift i mars og første del av april grunna korona er no henta inn att. Det er gjennomført førebyggjande tiltak på byggeplassen, og dersom vi unngår smitteutbrot på byggeplassen vil prosjektet kunne nå ferdigstilling i samsvar med plan.

For samhandling på Livabygget har planane no blitt omforma til utstrakt bruk av nettmøter. Dette ser ut til å fungere bra, men koronautbrotet har seinka samhandlinga litt utan at dette har noko vesentleg konsekvens.

Prosess med vidare samhandling om heilskap

Det er gjennomført ein uavhengig gjennomgang av prosjektet som ein forenkla kvalitetssikring for koseptval (KSK).

Den forenkla KSK-gjennomgangen støttar alternativ 3 med Livabygget i åtte etasjar som den beste løysinga for vidare utvikling av heilskapen i Helse Førde, men det er fortsatt stor usikkerheit om løysinga kan etablerast innanfor etablerte kostnads mål.

KSK-rapporten vurderer at løysingane synest å ha overkapasitet innan senger og poliklinikkrom, og dette handlingsrommet bør nyttast for å nå kostnads måla i prosjektet gjennom arealreduksjonar på løysingane.

Samhandlingsprosessen arbeider vidare med planar om eit Livabygg i åtte etasjar, men prosjektet må utviklast med moglegheit for å kunne redusere omfanget når kostnad for heilskap er kjent. Prosjektet må planleggast slik at dei øvste etasjane, som no er komne inn i alternativ 3, kan byggast på eit seinare tidspunkt dersom kostnadsramma ikkje gir rom for å bygge desse no.

Proessen med vidareutvikling av prosjektet må sikre at prosjektet gjennomfører kostnadsreduksjonar på ein slik måte at Helse Førde i størst mogleg grad sikrar framtidige driftsgevinstar.

2 Avvik og korrigerande tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet

Avvik og korrigerande tiltak vil i rapporteringa bli vist i tabellform som viser alle opne saker:

1	Type avvik	Prosjekt	Avvik	Tiltak	Merknad ved rapportering
5	Økonomi	Nye Førde sjukehus	Estimert kostnadsavvik i høve til ramme har auka frå 100 til 150 millionar	Heilskapsgjennomgang saman med entreprenør	Nye kontorbehov er lagt inn i prosjektet
6	HMS	Delprosjekt 1 - Dagabygget	29.10.2019: Personskade med sjukefråvere pga snubla i splitthylse i betong. (forstuing hand/finger)	Førebygging: ny prosedyre innført: splitthylser vert alltid slått heilt ned i betong etter innboring. Alle avvik knytt til HMS/personskade vert orientert om i plenum - dagleg.	Personskade oktober 2019, som vi vil la stå i rapporteringa framover
7	HMS	Delprosjekt 1 - Dagabygget	18.11.2019: Personskade med sjukefråvere pga. tilsett sklei på glatt svill (treverk oppå ringmur). (forstuing/vridning av kne).	Førebyggjande: Ingen nye tiltak innført, anna enn at ein må vere varsam når det er kaldt/glatt. Alle avvik knytt til HMS/personskade vert orientert om i plenum - dagleg.	Personskade november 2019, som vi vil la stå i rapporteringa framover
8	HMS	Delprosjekt 1 - Dagabygget	25.11.2019: Personskade med sjukefråvere pga. at tilsett fekk stillasplating (1,5-2 meter høgde) velta over på foten sin - ved flytting av denne. (forstuing/vridning av ein fot).	Førebyggjande: Demontere stillas før den vert flytta. (prosedyre eksisterte frå før, men vart ikkje fulgt). Alle avvik knytt til HMS/personskade vert orientert om i plenum - dagleg.	Personskade november 2019, som vi vil la stå i rapporteringa framover

Ingen nye avvik i april

- Punkt 5 er i fokus no saman med entreprenør.
- Punkt 6, 7 og 8 vedkjem tidlegare personskade, og vi planlegg å halde desse sakene inne i rapporteringa framover, sjølv om tiltak er sett i verk og sakene er avslutta.

3 Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet

Budsjett og låneramme blir årleg justert i samsvar med deflator i statsbudsjettet. Justeringa er i oppstillinga nedanfor vist frå konseptfasen i 2015, og prosjektet si investeringsramme er oppdatert til 1 733 millionar i 2020-kroner.


Rammejustering (i millionar kroner)	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Ramme forrige periode	1520	1520	1559,5	1598,5	1641,1	1686,4
Prisjustering av ubrukte midlar		39,5	39	42,6	45,3	46,5
Ramme for gjeldande år	1520	1559,5	1598,5	1641,1	1686,4	1732,9

Budsjetta er i samsvar med vedteke forprosjekt frå 2018 og er justert opp til 2020-kroner. Vi rapporterer no vidare i høve til dette.

Status for dei ulike delprosjekta er vist i figuren nedanfor.

Tabellen har to søyler per delprosjekt. Søyale 1 til venstre syner budsjett inkludert 10 prosent reserve i prosjektet. Søyale 2 syner prognose for prosjektet, inkludert tilviste kostnader og behov for ubrukt reserve i prosjekta.


Status pr. delprosjekt Nye Førde Sjukehus



Budsjetta er ikkje justerte for Livabygget og dei kommande delprosjekt i høve til løysing med Livabygget i åtte etasjar, og heller ikkje i høve til endra kostnadsmål slik den var drøfta i styremøtet 26. mars 2020.

For delprosjekt Dagabygget har vi fortsatt tru på at det er mogleg å spare ca. 10 millionar av reserven. Identifiserte fysiske endringar har auka med 0,3 millionar sidan førre månadsrapport.

Disponering av reserve i Dagabygget



	aug.19	sep.19	okt.19	nov.19	des.19	jan.20	feb.20	mar.20	apr.20
Estimat spart reserve		10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0
Estimat endringa generelle kostnadar		3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6
Estimat endring prosjektering		3,0	3,0	3,9	4,9	5,6	6,4	6,5	6,5
Identifiserte fysiske endringar		3,5	3,5	4,0	4,0	1,0	2,8	3,6	3,9
Prognose behov for reserve	31,1	11,0	11,0	9,6	8,7	10,9	8,3	7,4	7,1

4 Spesielle problem og tiltak

Det er ingen spesielle problem og tiltak å melde.


5 Brukarmedverknad, status og samarbeid

Det er for perioden framover kalla inn til prosjektgruppemøte i Livabygget. I dei møta der heilskapen i sjukehuset skal diskuterast eller at det er spesielle saker som krev breiare deltaking, vil prosjektgruppa i enkelte møte bli forsterka med aktuelle arbeidsgruppeleiarar.

Det vil bli starta samhandlingsprosess med Veidekke, tekniske underentreprenørar, arkitekt og rådgjevargruppe, men brukarane vil ikkje sitje direkte inne i denne samhandlingsprosessen. Vi skal i arbeidet vidare søkje løysing på aktuelle saker på lågast mogleg nivå, og vi har definert ein prosess med fem trinn/nivå:

1. Samhandlingsmøte med Veidekke, tekniske underentreprenørar, arkitekt og rådgjevargruppe
2. Administrativ handsaming i Nye Førde sjukehus
3. Rådføring med aktuell arbeidsgruppeleiar og ev. påkopling av arbeidsgruppa
4. Prosjektgruppa handsamar saka
5. Saka blir slutthandsama i styringsgruppa

Prosessens er skjematisk skissert nedanfor.



6 HMS

6.1 SHA – Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø

Byggeprosjekt er ein arbeidsplass som er underlagt byggherreforskrifta. Denne forskrifta skal sikre sikkerheit, helse og arbeidsmiljø for arbeidsplassar av skiftande karakter.

Det er for prosjektet utarbeidd ein overordna SHA-plan for Nye Førde sjukehus, og føringar frå den overordna planen skal implementerast i entreprenøren sine planar for gjennomføring av dei ulike delprosjekta. Vedlikehald av den overordna SHA-planen er Helse Førde som byggherre sitt ansvar.


Status og arbeid denne perioden:

Delprosjekt Dagabygget er under bygging og i samsvar med byggherreforskrifta. Totalt er det på

Dagabygget fram til no tre personskadar. Detaljar i hendingane er teke inn i tabell for avviksrapportering under kapittel 2.

6.2 Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus

Prosjektet følger standarden for Grønt sjukehus, og har utarbeidd eigen miljøoppfølgingsplan i tråd med denne. Planen blir brukt i anskaffingar og er mellom anna ein del av kontraktarbeidet med totalentreprenør. Planen omhandlar tiltak og dokumentasjon, og synleggjer ansvar mellom dei ulike aktørane i prosjektet innan miljøområdet. Dette med omsyn til mellom anna avfall, transport, arealbruk og forureining. Entreprenør rapporterer sorteringsgrad og avfallsmengde i sin månadsrapport for Dagabygget, og månadsrapporten til entreprenør skal utviklast vidare med omsyn på å kvittere ut vår miljøoppfølgingsplan.



6.3 HMS-avvik

HMS-avvik blir i prosjektet meldt og følgt opp i ulike system:

1. Helse Førde si avvikshandtering i Synergi. Melding frå Helse Førde-tilsette og handtering av avvik som grensar inn mot drifta av sjukehuset.
2. Entreprenør sitt avvikssystem for gjennomføring av dei ulike delprosjekta.

Ny Førde Sjukehus vil i månadsrapporten rapportere om HMS avvik frå dei definerte systema.

Status og arbeid denne perioden:

For Dagabygget er det ved utgangen av mars utført 51178 arbeidstimar og måleparameterane innan på personskade er (måltal per 1 000 000 arbeide timar):

H1 skade = 20 (Arbeidsulykke med fråvær)

H2 skade = 59 (H1 + hending med medisinsk behandling/tilrettelegging)

F-verdi = 215 (Fråværsdagar på grunn av arbeidsulykker)

Det er ingen nye skadar eller fråvær som påverkar H1, H2 og F-verdi.

I månadsrapporten til entreprenør er det meldt følgjande status på avvik:



Det er ikkje identifisert alvorlege hendingar i rapporteringa.

7 Informasjonsarbeid

Tabellen nedanfor inneheld det som har vore hovudaktivitetar siste tida og det som på kort sikt framover er prioritert fokus:

Prosjekt/delprosjekt	Kommunikasjonsaktivitet	Mottaker	Dato	Prognose	Merknad ved rapportering
Nye Førde sjukehus	Sikkerheitshandbok byggearbeid	Alle	2019-08-15	2	Arbeidet må prioriterast før oppstart bygging av Livabygget
Delprosjekt 1 - Dagabygget	Publisere stream frå byggeplasskameraet på Helse-forde.no	Alle	2019-09-	2	Byggeplasskameraet er i drift og koding av streamen i arbeid på Helse-forde.no. Ny strategi - føre bilde stream over mobilnettet til ekstern server
Nye Førde sjukehus	Interninformasjon vedgåande eit "Livabygg i 8. et"	Tilsette i HFD	2020-04	1	Info i allmøte 17. april + artikkel på Innsida. Tema - kostnadsmål og status i arbeidet
Nye Førde sjukehus	Arbeid med SharPoint NFS	Tilsette i HFD	2020-05	1	Justere innhald i høve til status og relevans.
Nye Førde sjukehus	Arbeid med dokument Forenkla KSK		2020-04	1	Tekst, presentasjon, lenkeplan


8 Hovudaktivitetar neste periode

Det er i kontrakt for delprosjekt Dagabygget etablert milepål for framdrift, som er tekne inn i oversikta. For delprosjekt Livabygget vil det framover bli etablert nye milepål.

Milepål som prosjektet måler mot:

Prosjekt/delprosjekt	Aktivitet	Milepø	Prognose	Merknad
Delprosjekt 1 - Dagabygget	Tett bygg, heile bygningsmasse	2020-04-15	1	Milepølar i kontrakt
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Leveranse av FDV 50%	2020-07-01	1	Milepølar i kontrakt
Delprosjekt 1 - Dagabygget	Fysisk ferdigstilling av kontraktgjennstand	2020-11-16	1	Milepølar i kontrakt
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Leveranse av FDV100%	2020-12-01	1	
Delprosjekt 1 - Dagabygget	Overtakelsesforretning	2021-02-05	1	Milepølar i kontrakt
Delprosjekt 2 - Infrastruktur og flaum	Ferdigstilling av nytt hovudforsyningsanlegg for el-kraft	2020-09-01	1	Ferdigstilt for forsyning til Nybygg PHV
Delprosjekt 2 - Infrastruktur	Ferdigstilling av falumvern	2021-01-01	1	
Delprosjekt 3 - Livabygget	Styresak forprosjektendring	2020-05-28	1	
Delprosjekt 3 - Livabygget	Kontraktgrunnlag bygging Livabygget	2020-10-14	1	

Hovudframdriftsplan for Nye Førde sjukehus er vist nedanfor. Denne vil bli revidert når nye planar tek form i samhandlingsprosessen:



Det er i samband med langtidsbudsjettet for Helse Førde gjennomført grove vurderingar på korleis ei endra framdrift vil kunne sjå ut når samhandlinga er avslutta, og den vurderinga er nytta som basis inn i langtidsbudsjettet for Helse Førde.